



gruppeleiar og ordførarkandidat for Høgre - Leif Sverre Enes og Peder Sjø Slettebø

**Gruppeleiar Leif Sverre Enes ga under årsmøtet i Kvinnherad Høgre denne oppsummeringa over saker som partiet har engasjert seg særleg sterkt i gjennom den siste valperioden:**

\* Gjenopning av aldersheimen på Varaldsøy var den som varma oss mest på hjarta.

\* Me (les Knut Johannes ) har dei siste 2 åra gjort eit godt og grundig budsjettarbeid  
Dei viktigaste faktorane til Høgrebudsjetta er:

-Oppretthalda skolene fordi me meiner det er avgjerande i forhold til mottoet vårt om levande bygder.

-Unngå eigedomsskatt, fordi det er ein form for offentleg tjuveri

-Redusere antall tilsette i kommunen, fordi det er eit nødvendig tiltak for å redusere driftskostnadane, som er for høge.

Enes priste gruppa som består av dyktige og sterke personar med gode meiningar og klar tale. Det hadde vore ei glede å leia ei gruppe som opptre so samla. Det er ikkje sjølvsagt i ei så stor gruppe, konstaterte gruppeleiaren.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen